



Vik kommune



## HANDSAMING AV MOBBING, TRAKASSERING OG DISKRIMINERING I SKULANE – VIK KOMMUNE.

*FADER VÅR  
DU SOM ER I HIMMELEN  
VÆR SÅ SNILL – HJELP MEG Å BLI USYNLIG  
ELLER GI MEG EN VENN  
HVIS DET ER MULIG  
AMEN.*

( Midtbø og Magerøy 2004 s 21).

#velkomentilvik



## Innhald

Føreord:.....	3
1. Innleiing:.....	4
1.2 Skulen sin eigen plan for eit godt skulemiljø:.....	4
1.2.1 Opplæringslova kapittel 9A - 1:.....	5
Nytt kapittel 9A frå 01.august 2017 – skjerpa aktivitetsplikt:.....	5
1.3 Definisjon:.....	6
1.4 Førebyggjande arbeid på kvar einskild skule: .....	6
1.4.1 Kjenneteikn på mobbing hjå born:.....	7
1.4.2 Kva skal ein gjera om ein mistenkjer mobbing?.....	7
1.4.3 Den negative spiralen i mobbing:.....	7
1.5 PLAN FOR HANDSAMING AV MOBBING: .....	8
A. Mistanke:.....	8
B. Avdekking: .....	11
c. Tiltak: .....	11
C. Oppfølging:.....	13
<b>Oppfølging av offeret for mobbinga:</b> .....	13
<b>Oppfølging av den som mobbar:</b> .....	13
<b>Når er mobbesaka over?</b> .....	13
3. Når det ikkje vert avdekkja mobbing: .....	13
Sluttkommentar frå Kristin Oudmayer, fagansvarleg i Unicef og ein av Noregs fremste ekspertar på mobbing: .....	14
.....	15
.....	16

## Føreord:

Vik kommune har nulltoleranse på mobbing!

**1.august 2017** vert **opplæringslova kapittel 9A** ( elevane sitt skulemiljø) endra. Nulltoleranse mot mobbing vert lovfesta og det vert innført aktivitetsplikt som tydeleg syner korleis dei tilsette i skulen skal arbeida i einskildsaker.

Skulane skal ha gode tiltak til å førebyggja og handtera mobbinga.

Førebyggande arbeid mot mobbing startar i barnehagen.

Personalet skal gripa inn ved kjennskap til eller mistanke om at eit barn/ein elev blir utsett for krenkande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme.

Denne planen handlar om korleis skulane i kommunen arbeider med det psykososiale miljøet, og kva rutinar ein har i arbeidet mot mobbing. Å arbeida med det psykososiale arbeidsmiljøet handlar m.a. om å undersøkja kvifor nokre elevar er innanfor medan andre er utanfor, og bruka denne kunnskapen i arbeidet for ein meir inkluderande skule.

Alle me vaksne har eit felles ansvar med å ta tak i mobbinga som går føre seg hjå born og unge. **Det handlar om å bry seg og om å ta rolla som vaksen!!**

Bjarnhild Samland

Oppvekstsjef

## 1. Innleiing:

Skulane i Vik kommune driv eit kontinuerleg og systematisk arbeid for å ha eit trygt og godt skudemiljø. Dette er ein del av internkontrollen på skulen.

### **Overordna mål:**

**Overordna: Alle born er alle sitt ansvar.**

Borna skal faktisk oppleva at dei vert tekne på alvor. Alle skal praktisera nulltoleranse mot mobbing!

Mål for det psykososiale miljøet i skular og barnehagar i Vik kommune:

- Skulane skal vera trygge og ein god stad for læring og utvikling.
- Alle borna skal oppleva ein skulekvardag utan mobbing eller andre former for krenkingar.
- Skulane skal aktivt arbeida for å førebyggja, oppdaga og stoppa krenkande ord og handlingar.

### 1.2 Skulen sin eigen plan for eit godt skudemiljø:

Skulane kan ha ulik profil på korleis dei arbeider med skulekulturen, relasjonsbasert klasseleiing, relasjonar elevane i mellom og samarbeid med foreldre.

Når det har oppstått mistanke om mobbing, har alle skulane ein mal og ei handlingsløype slik det er omtala i dette dokumentet. Handlingsløypa byggjer m.a. på handboka «slik stopper vi mobbing» av Erlend Moen. I tillegg er det mykje hjelpe å finna på <http://laringsmiljosenteret.uis.no/mobbing/>

I starten av kvart skuleår vert foreldre og elevar informerte om rettane etter Opplæringslova kapittel 9A, inkludert retten til å klaga.

Det går fram av planen kven som har ansvaret for

### 1.2.1 Opplæringslova kapittel 9A - 1:

Føremålet i lova er å gje elevane i grunnskulen og vidaregåande opplæring minst like godt vern av sitt miljø som arbeidstakarar har gjennom arbeidsmiljølova.

**«Alle elevar i grunnskular og vidaregåande skular har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring».**

Skulen sitt psykososiale miljø handlar om korleis tilsette og elevar oppfører seg mot kvarandre på skulen, SFO og skulevegen. Ein fokuserer på dei mellommenneskelege forholda, det sosiale miljøet og korleis elevane og personalet opplever dette. Elevane skal ikkje verta utsette for krenkande ord og handlingar verken frå med elevar eller lærarar. Krenkande ord og handlingar kan t.d. vera mobbing, vald, rasisme eller einskildståande utsegn om utsjånad eller funksjonshemmingar.

Nytt kapittel 9A frå 01.august 2017 – skjerpa aktivitetsplikt:

*Skulane skal syna rask og effektiv handling i einskildsaker. Dersom skulane ikkje reagerer raskt og rett, skal elevane enkelt kunna få saka si prøvd hjå fylkesmannen og skuleeigar kan få dagbøter.*

*Skuleeigar pliktar å informera elevar og foreldra om rettane deira. Både elevar og foreldre må kjenna til kva dei kan krevja av skulen, og korleis dei kan ta sakene vidare dersom dei meiner skulen ikkje oppfyller pliktene sine.*

**Den einskilde elev si subjektive oppleving av det psykososiale miljøet avgjer om miljøet er godt nok, jamfør § 9a – 1.**

## 1.3 Definisjon:

**Me kan finna følgjande definisjon på omgrepet mobbing:**

- Mobbing er ritualisert krenking mot ein som ikkje kan verja seg.

Mobbing kan vera:

- Verbal ( t.d. bruk av kallenamn)
- Sosialt ( t.d. verta halden utafor)
- Materiell ( t.d. få øydelagt klede og eigendalar)
- Psykisk ( t.d. verta truga eller tvinga til å gjera noko)
- Fysisk ( t.d. verta slegen eller sparka)
- Digital

Mobbing er kjenneteikna av:

1. Ei aggressiv handling retta mot eit offer, av ein eller fleire saman
2. Eit ujamnt styrkeforhold mellom den eller dei som mobbar og den som vert mobba
3. At det går føre seg over tid

I elevundersøkinga definerer Utdanningsdirektoratet mobbing slik:

- Med mobbing meiner vi gjentatt eller vondsinna åtferd frå ein eller fleire retta mot ein elev som har vanskeleg for å forsvara seg. Gjentatt erting på ein ubehageleg og sårande måte er også mobbing.

Skjult mobbing:

Ein god del av mobbinga er skjult for dei vaksne heime og på skulen, og den kan vera skjult for medelevar. Dette gjeld særleg for utestenging og krenking i det digitale rom.

Vik kommune har ein handlingsplan mot vald i nære relasjonar. Denne planen vert revidert no i 2017. I denne planen vert det synt til ein definisjon på vald som er brukt av Per Isdal frå Alternativ til Vold:

« Vold og mishandling kan sees på som enhver handling rettet mot en annen person som gjennom denne handlingen skader, smørter, skremmer eller krenker, og får denne personen til å gjøre noe mot sin vilje eller få personen til å slutte å gjøre noe den vil».

## 1.4 Førebyggjande arbeid på kvar einskild skule:

- Fokus på god klasseleiing.
- Mobbing og trivsel er eit fast tema på elevsamtalane og utviklingssamtalane. Desse samtalane skal gjennomførast to ( 2) gonger i året.

- Gjennomføra brukarundersøkingar i barnehagar og skular kvart tredje ( 3) år.
- Elevundersøkingar i regi av UDIR.
- Resultata frå dei ulike undersøkingane skal informerast om i skulen sitt samarbeidsutval ( SU) og FAU. I tillegg skal resultata takast opp i klassane og elevrådet.
- Ein skal ha fokus på gode og trygge overgangar mellom barnehage og skule.
- Ha stort fokus på typiske arena der mobbing kan gå føre seg:
  - i garderoben
  - i praktiske fag
  - på skulebussen
  - i friminutta
  - på skulevegen

#### 1.4.1 Kjenneteikn på mobbing hjå born:

- Barnet kan opplevast som deprimert
- Barnet kan opplevast å mistrivast. Er mykje åleine og har få venner.
- Barnet kan vera uroleg, uoppmerksam og syna seg aggressiv i konfliktar.
- Barnet kan ha stort fråvær.
- Barnet kan ha vanskar for å forstå sosiale kodar, og slit med å verta akseptert både innanfor og utanfor barnehagen eller skulen.
- Barnet har fysiske plager.

#### 1.4.2 Kva skal ein gjera om ein mistenkjer mobbing?

Alle tilsette som oppdagar, mistenkjer eller får tilbakemelding om mobbing, må snarast undersøkja saka vidare og ev sjølve gripa inn. Leiinga skal varslast. Det er viktig at ein gjer observasjonane skriftleg. Det er viktig at ein då og observerer åtferd i friminutta, aktivitetar, situasjonar i undervisning og/eller overgangar ( friminutt – time t.d.).

#### 1.4.3 Den negative spiralen i mobbing:

Keith Sullivan ( i Moen 2014 s 26) kallar mobbeprosessen ein negativ spiral. Han listar opp følgjande fem utviklingssteg i mobbinga:

	Mobbaren	Mobbeutsett	Tilskodaren
<b>Steg 1:</b> <b>Vurderer kva som er mogleg</b>	Får ei kjensle av at det er mogleg å dominera. Identifiserar aktuelle offer.	Prøver å tilpassa seg. Ikkje klar over risikoen. Signaliserer sårbarheit.	Tilpassar seg. Signaliserer styrke.
<b>Steg 2:</b> <b>Ein testar ut. Prøver og feilar.</b>	Nokre fåe prøver å dominera. Tolkar responsen. Prøver seg fram.	Handterer situasjonen därleg. Kjensle av skam og håp.	Ukonfortabel. Gjev støtte til plagarane. Unngår offeret.
<b>Steg 3:</b> <b><u>Mobbinga startar</u></b>	Plaginga vert meir fysisk og seriøst. Offeret vert avhumanisert. Opplever vinst.	Føler seg ubrukeleg. Tek ansvar for utstøytinga. Føler skuld. « Dei har det berre moro».	Makteslaus. Føler ansvar for å gripa inn, men torer ikkje. Fiktiv norm.
<b>Steg 4:</b> <b>Mobbinga eskalerer</b>	Mobbinga vert verre. Offeret vert utstøytt. Mobbinga verkar – vert avhengig.	Kjensle av stress og at det er håplaust. Utviklar därleg sjølvbilete. Usikker, tolkar feil, sjukdom.	Mobbinga vert opplevd som naturleg. Best å passa på seg sjølv. Nokre vert med på plaginga.
<b>Steg 5:</b> <b>Mobbinga er etablert.</b>	Mobbinga vert total. Usårbar, men stressande. Om ikkje nokon stoppar det: kriminalitet.	Verda er ein utrygg plass. Psykisk og fysisk sjukdom. Sjølvmordstankar.	Opplever at verda er utrygg. Tek vare på seg sjølv.

**NB: Skulen har aktivitetsplikt ved mistanke eller kjennskap til at elevar vert krenka, og har rutinar som sikrar at alle med ansvar for elevane kjenner til denne plikta. Det at alle kjenner til og fyl det som står i denne malen, er ein del av systemet.**

## 1.5 PLAN FOR HANDSAMING AV MOBBING:

### A. Mistanke:

Mistanke fordi nokon varslar:	Handlingar:
-------------------------------	-------------

<p>Skulen må handla – undersøkja meldinga. Skulen må vera heilt sikker på at det går føre seg mobbing – før ein nyttar gjeldande prosedyre for dette.</p>	<p>Den som vert varsla skal <b>handla</b>. Heilt konkret vil dette seie at ein skal fylla ut meldeskjema og sikra at det vert sett i gang med <b>undersøking</b>. Når elev eller foreldre ber om det, skal rektor gje enkeltvedtak.</p>
<p><b>Mistanke ut i frå undersøking:</b></p> <p>Elevundersøkinga og ev andre undersøkingar kan signalisera statusen i læringsmiljøet. Skulen bør undersøkja nærmare om nokon kryssar av for at dei vert plaga/er med på å plaga andre.</p>	<p>Saka vert undersøkt nærmare.</p>
<p><b>Mistanke ved eigne observasjonar:</b></p> <p>Når lærarar eller andre observerer. Foreldra vert orienterte raskt om kva skulen har sett, og kva dei vil gje for å undersøkja vidare det dei har sett.</p>	<p>Den tilsette grip inn og stoppar krenkinga dersom det er mogleg. Rektor vert varsla. Foreldra får informasjon.</p>
<p><b>Problemåtferd vekkjer mistanke:</b></p> <p>Åtferd med bruk av fysisk og psykisk vald kan vera uttrykk for frustrasjon som oppstod ein annan plass. Mange som syner slik åtferd er involverte i mobbing. Det kan vera frå den som utfører krenkinga eller frå den som eigentleg gjer dette i sjølvforsvar.</p>	<p>Skulen undersøkjer kva som kan ha skjedd. Årsaka til den utagerande åtferda.</p>

## Sjekkliste:

MOBBEUTSETT	JA/NEI	KOMMENTARAR
-------------	--------	-------------

Vert eleven opplevd som sårbar		
Psykiske helsevanskar		
Tidlegare mobbehistorie		
Enkeltepisodar med krenking		
Kallenamn		
Konsentrasjonsvanskar		
Gode venner/kontakt med andre		
Fråvær (t.d. meir enn 12%)		
Søvnvanskar		
Aggresjon		
Deltek i leik/munnlege aktivitetar		
Vegring mot aktivitetar/fag		
Tek initiativ/får respons på initiativ		
Endra åtferd		
<b>Mobbar/mobbarar</b>		
Proaktiv aggressive elev/elevar		
Negativt språkbruk		
Elev/elevar som vil vera «inne» med nokon andre		
Elev/elevar som får fordelar		
Ein elev som bestemmer mykje i gruppa		
Tidlegare mobbar		
<b>Miljøet:</b>		
Styrande gute/jentegruppe		
Negativt språkbruk		
Klikkar i jentemiljøet/guttemiljøet		
Mykje baksnakking		
Generelt mykje uro på klassesteget		
<b>Dei vaksne:</b>		
Har makta i klassen		
Periodar med mykje fråvær/vikarar		
Godt samarbeid mellom dei vaksne i gruppa		
Fokus på læringsmiljøet		
Kunnskap om mobbing i personalet		
Interesse for og erfaring med mobbing i vaksengruppa		

## B. Avdekking:

	<b>Handlingar:</b>
I skjeldne tilfelle vert me merksame på mobbing som er så alvorleg at me set inn strakstiltak og omfattande tiltak av omsyn til liv og helse. Avdekking kjem då og i etterkant. Rektor må her vurdera om ein skal ta kontakt med politiet.	Strakstiltak og omfattande tiltak.
Skulen og lærarane skal heile tida vera i «avdekkingssmodus». Å oppdaga mobbing handlar om å sjå mekanismane i det som går føre seg i elevgruppa. Dei vaksne må finna ut av systemet i relasjonane i elevgruppa. Kanskje må ein venta med å stoppa dei mindre teikna til utfrysing til ein har fått meir oversikt over kven som står bak.	Fokus på både einskildeleven og miljøet omkring.
Erland Moen presenterer følgjande metode for å avdekka mobbing:  <b>1. Klassemiljøundersøking:</b> - Spørjeskjema som alle elevane svarer anonymt på. Her må ein og observera elevane medan dei svarer på skjema. Ein merkar seg blikk og kva som vert sagt ( Sjå og Moen 2014 s 58 – 61). <b>2. Sosiometrisk undersøking:</b> - Kan seia noko om dei sosiale relasjonane i gruppa. Sjå og <a href="http://www.udir.no">www.udir.no</a>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Anonyme skjema i avdekkingfasen og som førebygging.</li> <li>- Når me veit at det går føre seg mobbing, kan me nyta kkje anonyme undersøkingar.</li>   <li>- me leitar etter mønstre som kan hjelpe oss til avdekking og merksame tiltak.</li> </ul>
<b>DET VIKTIGE SPØRSMÅLET:</b>  <b>ER DET MOBBING?</b>  Både eit JA og eit NEI skal underbyggjast. Ved usikkerheit bør skulen ta i bruk enno meir omfattande verktøy. Er det mobbing, skal skulen ta i bruk eigna tiltak. Er det ikkje mobbing, ser ein etter andre hensiktmessige tiltak.	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Dei involverte vaksne går gjennom alle funn og kjem med ein konklusjon.</li> </ul>

## c. Tiltak:

	<b>Handlingar:</b>
<b>Målet for tiltaka:</b>  Det skal vera eit trygt miljø for offeret. Det skal ikkje skje ei einaste ny krenking, verken fysisk eller psykisk. Ingen elevar skal oppleva at det ikkje nyttar å seia i frå.	Skulen set i verk tiltak mot dei som mobbar og mot heile gruppa.

<p><b>Kraftfulle tiltak og konsekvensar som treff:</b>  Skulen må ta tilbake makta. Det kan krevja kraftfulle tiltak som varer over tid. Konsekvensane må høva i den aktuelle saka og elevane som er involverte. Det kan vera lurt å lista opp ei konsekvenstrapp for elevane, der ein trappar opp så langt det må til. Ordensreglementet syner kva konsekvensar skulen rår over. PPT og andre ressursar kan koplast inn.</p>	<p>Tiltak og konsekvensar vert tilpassa kvar einskild sak.  Rektor styrer prosessen på skulenivå.</p>
<p><b>Timing:</b>  Tiltaka må planleggjast slik at ein får maksimal effekt. All ny start, tidleg på dag, etter ein ferie, mandag morgen, kan vera ein slik start. Samtalane ein har bør følgja ein gjennomtenkt plan. Det kan vera lurt å tenkja gjennom ulike utfordringar som kan oppstå, og ha alternativa klare.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Alle er merksame på timinga.</li> </ul>
<p><b>Fasar i intervensionen:</b>   Udir tilrår følgjande:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. samtale med den som vert plaga</li> <li>2. samtale med foreldra til den som vert plaga</li> <li>3. samtale med den eller dei som plagar. Ein om gongen. Gjerne den ein trur vil gje mest informasjon først og den som vil yta mest motstand til slutt. Få tydeleg fram konsekvensane av handlingane.</li> <li>4. Samtale/informasjon til ei gruppe elevar, enten berre til plagarane eller til heile klassen.</li> <li>5. Samtale med foreldra til dei som plagar, vanlegvis eitt par om gongen.</li> <li>6. Tydelege meldingar om framtid til klassen eller gruppa. Det kan vera om den utvida kontrollen som vil gå føre seg i ein periode, men og om relasjonane ein vil skapa.</li> <li>7. Jamlege samtalar med einskildelevar over tid.</li> </ol>	<p>Skulen gjennomfører ei systematisk samtalerekke.</p> <p>Alle samtalane vert gjennomførte med respekt, men likevel på ein så tydeleg måte at ein oppfattar bodskapen om at dette ikkje skal skje att.</p> <p>Ha avklara forholda omkring mobbesaka før fase 5.</p>
<p><b>Strukturelle endringar:</b>   Alle elevane skal merka endringane som skjer. Skulen skal ta att makta. Strukturelle endringar er nye plasseringar, meir individuelle læringsoppgåver, meir organiserte overgangar, utvida vaksentettleik, m.m.</p>	
<p><b>Skuleeigar:</b>   Bør trekkjast med i handsaminga av svært alvorlege og grove saker med fare for liv og helse. Skuleeigar ivaretok si rolle m.a. med felles kommunalt ordensreglement og gjennom denne malen.</p>	<p>Vik kommune har oppretta eit beredskapsteam mot mobbing som kan kontaktast i særleg vanskelege tilfelle.</p>

## D. Oppfølging:

Målet med oppfølging er:

1. At mobbing ikkje skal skje att, ingen nye episodar.
2. Å reparera skadene hjå offer og omgjevnadene. Det kan vera eit langvarig og krevjande arbeid dersom mobbinga har vore omfattande.

	<b>Handlingar:</b>
<b>Oppfølging av offeret for mobbinga:</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>- Laga oppfølgingsplan</li><li>- Oppfølgingssamtalar med kontaktlærar som eit tilbod.</li><li>- Tilbakemelding til føresette</li><li>- Helsehjelp ( ev BUP)</li><li>- Samarbeidsmøte med føresette</li><li>- Sosial ferdighetstrening</li></ul>
<b>Oppfølging av den som mobbar:</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>- Samtale med kontaktlærar ( fokus på kva eleven lukkast med)</li><li>- Samarbeidsmøte med føresette</li><li>- Sosial ferdighetstrening</li><li>- konsekvenstrapp</li></ul>
<b>Når er mobbesaka over?</b>	Når eleven, skulen og heimen definerer at skulen er trygg.

## 3. Når det ikkje vert avdekkja mobbing:

	<b>Handlingar:</b>
<b>Enkeltkrenkingar:</b>  Kan vera grunn for vidare avdekking. Er svært krevjande å finna ut av. Ein elev som vert utrygg t.d. grunna enkeltkrenking, kan og verta meir sårbar. Då og meir risiko for mobbing.	<ul style="list-style-type: none"><li>- Signal om vaksenkontroll</li><li>- Vidare avdekking</li></ul>
<b>Einsemd:</b> <ul style="list-style-type: none"><li>- Finna ut av når ein elev går mykje aleine.</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>- Samtalar for å finna ut av situasjonen</li></ul>
<b>Falsk mobbehistorie:</b>  <ul style="list-style-type: none"><li>- Ein elev kan fortelja om mmobbing heima utan at det er mogleg å avdekkja dette.</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>- Sjå Erland Moen 2014 s 118 – 122.</li></ul>

Sluttkommentar frå Kristin Oudmayer, fagansvarleg i Unicef og ein av Noregs fremste ekspertar på mobbing:

«Har du populære barn som kan velge og vrake blant halloween-invitasjoner? Da har du et ekstra ansvar» ( [www.aftenposten.no](http://www.aftenposten.no) 29.10.2015).

Og vidare at « det er nettopp slike foreldre som bør ta initiativ. Ofte har de også kapasitet til å gjøre det.

## **MELDING OM MOBBING**

Meldt av:

Meldt til:

Kva har skjedd: (Når/kor lenge, kvar, korleis, kven)

Evt. andre kommentarar:

Tiltak som har vore/vert sette igang:

Dato	Meldar :
------	----------

Dato	Mottakar
------	----------

